



Hammar - Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1566 - 16/11621

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
12.09.2016

Oppmålingssak Gbnr 99/153 Ystebø - Krav om oppdeling i eigarseksjonar

Delegasjonssak nr.: 268/2016

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om seksjonering av tomannsbustad på gnr.99 bnr.153, Ystebø. Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 24.04.2015 i sak 15/329. Huset ligg innanfor reguleringsplan for Stølane i område sett av til konsentrerte bustader. Formålet med bruken er soleis i tråd med reguleringsplanen.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med vedtekter som stettar krava, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av tomannsbustad på gnr.99 bnr.153. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjoner § 9.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Begjæring

Mottakere:

Hammar - Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER